

# Sparebankstiftinga Hardanger

## *Styret si årsmelding for 2021*

### **Bakgrunn og føremål.**

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest.

Stiftinga sitt hovudføremål er :

- Vidareføra sparebank-tradisjonane ved å gje gåver til almennyttige føremål.
- Vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.
- Syta for ei forsvarleg kapitalforvaltning av dei midlar stiftinga rår over.

### **Ålmennyttig verksemd.**

Eit viktig mål med stiftinga er å vidareføra sparebankstradisjonane , blant anna gjennom utdeling av gåver til almennyttige føremål. Tidlegare Sparebanken Hardanger har gjennom åra vore ein viktig lokal støttespelar og bidrege med store gåver til lag og foreiningar.

Gjennom gåveverksemda har banken vore med å vitalisera lag og foreiningar og med det også lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktig tek vi sikte på å verta ein viktig aktør i utviklinga av vårt lokalsamfunn. Sparebankstiftinga Hardanger har så langt levert på dette målet ved at det er betalt ut ca. 10 mill.kr i gåver kvart år sidan stiftinga vart etablert og fram til og med 2017. Frå 2018 og i etterfylgjande år er den årlege utdelingssummen auka til 15 mill.kr. og frå 2020 med tillegg med 2 mill.kr i koronafondtildeling. Samla er det i denne perioden vedteke gåver på til saman ca. 111 mill. kr.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å bruka inntil 50 % av sitt kontantoverskot til almennyttige føremål.

Det vert elles vist til oversikt over gåvene i note 10 i årsrekneskapen

I 2021 vart det samla vedteke gåver på i alt kr. 16 120 548. Av dette utgjorde utdelingar frå koronafondet kr.1 121 000 . Av tidlegare gjevne gåver vart det tilbakeført kr. 798 759.

Gåvene fordeler seg på 110 større og mindre prosjekt i hovudsak til lag og organisasjonar i Hardanger og på Voss.




*Herand Aktivitetspark, Herand*

*Eide Aktivitetspark, Granvin*




*Gapahuk, Gjernes barnehage, Voss*

*Gapahuk Gløgg 4H, Ulvik*




*Rullekøytebane-Hardanger Skøyteklubb*



*Fotballbane Røldal*

### **Nyskaparpris.**


I 2021 vart også delt ut nyskaparpris på kr.300.000,00 som tilfall Siderhuset Ola K på Nå.




*Siderhuset Ola K, Nå*

## Kulturstipend til ungdom.


Sparebankstiftinga har og ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kulturstipend til ungdom . I 2021 vart delt ut 8 stipend a kr. 30.000,00 til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett. P.g.a koronaepidemien vart det årlege arrangementet for utdeling av kulturprisane på Utne Hotel avlyst. I staden vart diplom og blom delt ut enkeltvis til prisvinnarane.



Siri Elton -låtskrivar/songar -Odda



Olve Haugen-klassisk song-Grimo



August Hjeltnes-volleyball-Ulvik

Bilda viser 3 av dei 8 vinnarane av kulturstipend i 2021.

## Koronafond.

I 2020 etablerte stiftinga eit koronafond på 2 mill.kr til hjelp for lag og organisasjonar som vart råka av koronaepidemien. Dette vart ført vidare i 2021 og det vart sett av nye 2 mill.kr til dette føremålet. Dette kom i tillegg til dei årlege avsetninga på 15 mill.kr . Av koronafondet vart løyvd kr. 1.663.127 i 2020 og kr. 1.121.000 i løpet av 2021. Samla er det derfor løyvd kr. 2.784.127 av kr. 4 000 000. Gjenståande sum på kr. 1.212.873 vil bli disponert til nye søknader som måtte koma i løpet av 2022.

## Eigarstrategi.

- Stiftinga skal vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest. Grunnkapitalen til stiftinga er 150 mill.kr fordelt på 6 mill. eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest, kvar pålydande kr. 25. Stiftinga eig i tillegg pr. 31.12.2021 5.954.394 eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest. Stiftinga eig etter dette 11.954.394 eigarkapitalbevis. Dette utgjer 11,13 % av eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest og gjer stiftinga til den klart største eigaren i banken.
- Stiftinga har forventningar til økonomisk forsvarleg bankdrift og stabilt utbytte.
- Stiftinga ynskjer å utøva styringsrett i Sparebanken Vest gjennom representasjon i styrande organ.

Stiftinga har i dag 3 representantar i generalforsamlinga til Sparebanken Vest. Stiftinga sin tidlegare styreleiar er medlem i valnemnda til Sparebanken Vest. Stiftinga er og frå mars 2016 representert i styret i Sparebanken Vest ved stiftinga sin daglege leiar.

## Utbytte frå Sparebanken Vest.

Sparebanken Vest leverte i 2020 eit godt resultat. Resultatet gav grunnlag for utbetaling av utbytte på kr.4,00 pr. eigarkapitalbevis som vart betalt ut i 2021, tilsvarande 47,8 mill.kr i utbytte til stiftinga.

Sparebankstiftinga Hardanger har ikkje selt eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest i 2021.

Marknadsverdien av stiftinga sine eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest pr. 31.12.2021 var kr. 1 197 830 279. 6 mill. eigarkapitalbevis er definerte som stiftinga sin grunnkapital og er vist som finansielt anleggsmiddel i rekneskapen. Dei restande 5.954.394 eigarkapitalbevisa er vist som omløpsmiddel i rekneskapen. Både anleggsmidlane og omløpsmidlane er bokførte med kostpris i rekneskapen. Det er i tillegg pr.31.12.2021 meirverdier i stiftinga sine eigarkapitalbevis på 819 mill. kr.

Det vert vist til note 4 til rekneskapen.

Gjeldande utbyttepolitikk gjev rom for utbetaling av inntil 50 % av overskotet pr. eigarbevis.

## Regelverk for investeringar.

Stiftinga vedtok endringar i regelverket for investeringar mot slutten av 2019. Val av forvaltar vart vedtekne på styremøte 26.02.2020 .

Tidlegare posisjonar i rente og obligasjonsfond vart realiserte i 1.halvår 2020. Dei frigjorde midlar og anna overskotslikviditet vart gradvis investerte i nye rente og obligasjonsfond samt og aksjefond i løpet av 2020 i samsvar med det nye regelverket. Etter investeringsplanen skulle dette skje gradvis og vart først ferdig i 1.halvår 2021.

## Resultatet av investeringane i verdipapirfond i 2021.

Samla investeringar i rente/obligasjonsfond/eigedomsfond pr. 31.12.2021 var 296,5 mill.kr.

Realisert avkastning	kr. 6 261 876
Ikkje realisert avkastning:	kr. 7 851 567
Kursgevinst aksjefond:	kr. 1 527 045
Refusjon forvaltningshonorar:	kr. 326 174

Sum inntekt: kr. 15 966 661

Dette gir avkastning av på om lag 6,3 % av investert kapital.

Det vert vist til note 1 og 5 til rekneskapen.

Investeringane i verdipapirmarknaden vert gjort etter den vedtekne investeringsstrategien . Strategien bestemmer og at stiftinga og skal fordele noko av sine investeringar i eigedom. Det har teke noko tid før stiftinga har kome i posisjon til å gjera eigedomsinvesteringa. Først i november 2021 lukkast det å kjøpa seg inn i fondet DNB Scandinavian PropFund AS med kr. 7,2 mill. kr i aksjar samt overta aksjonærlån på kr. 14,9 mill.kr. Denne investeringa vart gjort i november 2021 og gav eit positivt resultat på kr. 522 187 i løpet av den gjenståande del av 2021.

Resterande kontante midlar på om lag 37,6 mill. kr. er i hovudsak plasserte på særtilkårskonto i bank.

## **Økonomiske resultat.**

Stiftinga fekk i 2021 eit årsresultat på 61,9 mill. kroner mot 31,6 mill. kroner i 2020.

Inntektene utanom utbytte på eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest på 47,8 mill. kr. består av renteinntekter på kr. 536 000, netto realisert og urealisert gevinst obligasjonsfond/rentefond/eigedomsfond på kr. 15 966 661.

Grunnen til auken i inntekt frå 2020 til 2021 er at stiftinga i 2021 fekk større utbytte frå Sparebanken Vest. I 2020 var utbyttet kr. 2,42 pr. eigarkapitalbevis medan det i 2021 var kr. 4,0 pr. eigarkapitalbevis. Investeringar i marknadsbaserte verdipapir gav også eit resultat i 2021 som var ca. kr.12,6 mill. kr betre enn i 2020.

Driftskostnadane for stiftinga utgjorde kr. 2 412 168 som er ein auke på kr. 442 629 i forhold til 2020. Auken skuldast i hovudsak kostnader med innleige av rådgjevar i samband med prosessen med å skaffa ny dagleg leiar samt fornying av søknadssystemet.

Styret gjer framlegg om at stiftinga sitt årsresultat på 61,9 kr vert disponert slik:

Avsett til gåvefond	25,0 mill.kr
Avsett til annan eigenkapital	36,9mill.kr

## **Skatteforhold.**

Skatt vest har i brev av 13.06.2012 lagt til grunn at stiftinga oppfyller vilkåra for å vera skattefri etter reglane i skattel. § 2-32,1.ledd.

## **Styrande organ.**

Stiftinga sitt høgaste organ er generalforsamlinga som består av 13 innskytarvalde medlemmer og 8 varamedlemmer. Dei innskytarvalde vert valde av og blant kundane til Sparebanken Vest busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Voss, Ullensvang, Kvam og Ulvik.

Generalforsamlinga for 2019 vedtok endringar i vedtektene slik at desse vart tilpassa den nye kommunestrukturen. Talet på medlemmer vart og redusert samt at tidlegare ordning med at Fylkesutvalet i Hordaland oppnemnde 3 medlemmer fall bort. Vedtektsendingane er godkjende av Finanstilsynet.

Som følgje av overgangsreglar tok det 2 år før talet på medlemmer kom i samsvar med dei nye vedtektene.

Generalforsamlinga består i dag av 9 kvinner og 4 menn.

Leiar for generalforsamlinga er Kjellaug Hoås Samland med Per Røberg som nestleiar.

Styret består av 2 kvinner og 3 menn med Per Berge som leiar.

## **Administrasjon og administrative tilhøve.**

Sparebankstiftinga Hardanger har kontor i Kinsarvik.

Administrasjonen består av dagleg leiar Gunnar Skeie.

Gunnar Skeie går av med pensjon i juni 2022 og styret har tilsett Kjetil Widding, Grimo som ny dagleg leiar for stiftinga. Kjetil Widding tek til i stillinga frå juni 2022.

Etter styret si vurdering er stiftinga si verksemd slik at den i liten grad ureina det ytre miljøet.

### **Forskings- og utviklingsaktivitetar.**

Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

### **Framleis drift.**

Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen.

### **Arbeidsmiljø.**

Selskapet har ingen tilsette utanom dagleg leiar. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadetilfelle i 2021.

### **Likestilling.**

Styret praktiserer likestilling i samsvar med lover og reglar.

### **Framtidsutsikter.**

Stiftinga sine inntekter er fullt ut basert på finansinntekter. Utviklinga i finansmarknaden vil derfor vera avgjerande for stiftinga sine inntekter.

Det store tilbakeslaget i økonomien som kom av pandemien som ramma Noreg i mars 2020, er blitt avløyst av ein kraftig økonomisk oppgang. Aktiviteten i norsk økonomi er no høgare enn den var før pandemien. Arbeidsløysa går raskt ned og sysselsetjinga stig markert. Store deler av næringslivet ventar sterk oppgang i produksjonen i den næraste framtida.

I dei aller siste dagane er det kome til ny finansiell utryggleik som følgje av krigsutbrotet i Europa.

Hovudstyret i Norges Bank auka styringsrenta 2 gonger i løpet av 2021 frå 0,0 % til 0,5 % Sentralbanken signaliserer i sine siste prognosar at renta vil verta auka vidare i løpet av 2022.

Auken i rentenivået gjennom 2021 har resultert i noko høgare innskotsrenter på stiftinga sine bankinnskott. Rentenivået på dei rente/obligasjonsfonda som stiftinga har investert i er likevel på eit relativt lågt nivå. Renteauken gir og vanlegvis eit fall i kursverdiane på obligasjonane.

Sparebanken Vest har hatt eit godt år også i 2021. Viktigaste årsak til dette er god bankdrift, flat kostnadsutvikling, tilbakeføring av tapsavsetningar og ein del ekstraordinære inntekter. Banken har pr.31.12.2021 nådd styresmaktene sitt kapitalkrav med god margin. For driftsåret 2021 har styret i Sparebanken Vest tilrådd at utbyttet vert sett til kr.4,50 pr. eigarkapitalbevis med utbetaling i april 2022. For dei eigarkapitalbevisa som stiftinga var eigar av pr.31.12.2021, vil dette gje ca. 53,7 mill.kr. i utbytte i 2022 mot 47,8 mill.kr. i 2021.

Etter det som er kommunisert til marknaden frå Sparebanken Vest om utbyttepolitikken, vil utdelingsgraden kunne vera inntil 50 %. Stiftinga vil truleg kunna pårekna å mota utbytte i 2023 på om lag tilsvarende nivå som i 2022.

Investeringane til stiftinga utanom investeringa i Sparebanken Vest er no om lag 296 mill.kr og vil truleg sjølv i det lågrenteregimet som vi framleis har, likevel kunna gje ei avkastning opp mot det nivå som stiftinga oppnådde i 2021.

Investeringane medfører likevel risiko for marknadsvingingar og resultatet i dei 2 første månadane i 2022 har vore negativt.

Truleg vil kontantinntektene til stiftinga vera på eit nivå som sikrar stiftinga si drift og gåveverksemd på tilvart nivå også i 2022.

**Rettvisande oversikt over utvikling og resultat.**


Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Kinsarvik, 09.03.2022


Styret i Sparebankstiftinga Hardanger




Per Berge  
Styreleiar




Vidar Riber  
Nestleiar




Hans Jakob Mæland  
Varamedlem



Margunn Hauso  
Styremedlem



Kjetil Widding  
Styremedlem



Gunnar Skeie  
Dagleg leiar